

## Båtkonvoi frå Rennesøy - 5 farty og 20 gjester.

13.07.2020



Nokre av båtgjestene frå Rennesøy, saman med hamneverten i Uskedal Båtlag, samla ved rekka på HULDA. F.v:Hans Gustav Mussland, Per Christian Håvarstein, Jon Tore Helland og Malene Helland.

**Ei slekts- og venegruppe på 20 personar frå Rennesøy kom til Uskedalen laurdag i førre veke i 5 farty. Nokre av båtane var av den sjeldne slaget, alt frå redningsskøyta frå 1956 til farty med 40 HK semidiesel oppfyring. Nokre av båtgjestene har vore i Uskedalen før. No kom dei til Uskedalen via Kulleseidkanalen, Fjelberg og Husnes. Avreise er i dag, måndag 13. juli.**

Den yngste personen i båtfylgje var berre eit år gamal. Ei av jentene, Malene, hadde 9 årsdag i går. Fødselsdagen var høgtida med stor feiring i Strandstovo med sommarmat og fest. Båtlagsleiar i Uskedalen, Hans Gustav Mussland, var hamnevert og såg til at alle fekk god båtplass og tilgang til fasilitetane i båthamna.

Båtgruppa frå Rennesøy legg opp til eit fellesttur kvart år, så sant ein får logistikken på plass. Mykje skal passa om ein skal få alle familieane på reise på same tid. Heimplassane deira på Rennesøy er Østhusvik, Helland, Åmøy og Vikevåg.



9 årsdagen til Malene Helland vart markert i Strandstovo.

Mange med ei særleg interesse for farty har merka seg reisefylgje frå Rennesøy. Difor tek vi med litt fakta om kvar båt.

- HULDA: 47 fot, 40 HK semidiesel oppfyring
- KAHOLM: 49 fot med 110 HK Volvo Penta
- Sørlandsskøyta - tidlegare redningskøyte: 43 fot, bygd i 1955, sjøsett 1956. Var i tenseste fram til 1987 og har berga 8 menneske frå den sikre død. Maskinen er ein 6 sylindra Detroit, 179 HK
- REBELL: Seglbåt i plast, 41 fot, bygd i 1989. Har vore på segltur til Afrika
- LILJA: Viksund 28 frå 1986, 240 HK Yamar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/ Kristian Bringedal



Redningskøyta er frå 1955 og er den fyrste i sitt slag som er bygd i stål.